



DEN NORSKE KYRKJA
Hyllestad sokn

ÅRSRAPPORT 2022

HYLLESTAD SOKN



ÅRSRAPPORT – ÅRSBERETNING

Hyllestad sokneråd er organ for soknet på kommunenivå. Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellesrådssaker.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt mellom sokneprest, seniorprest, kyrkjelydspedagog, kyrkjeseekretær og kyrkjevevjerje.

Alle har gitt viktige bidrag om sine ansvarsområde til den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn.

Norge opna opp etter koronaen

Etter at landet, med eit par korte opphald, hadde vore nedstengt i to år, opna landet att 12. februar. Koronavirus (Covid-19) var framleis i omløp, folk blei smitta gjennom heile året, men restriksjonane var tekne bort. Dette på grunn av at mange hadde teke 3-4 vaksinedoser og det ikkje lenger var fare for alvorleg sjukdom.

Lovverk gjeldande frå 1.1.2021 som gjeld soknet si verksemd

Trossamfunnsloven «Lov om tros- og livssynssamfunn», Kapittel 3. Den norske kirke .
Kirkeordning 30. mars 2019 nr. 2307 for Den norske kirke fastsett av Kirkemøtet med heimel i trossamfunnsloven §§ 11, 12, 15 og 17

Gravplasslova og gravplassforskrifta

1. januar 2021 tok statsforvaltaren i Vestfold og Telemark over bispedømerådet sitt ansvar for godkjenning av gravplassar, og som klageinstans i saker knytt til gravplasslova/gravplassforskrifta. Der er også gravplassrådgjevar-tenesta lokalisert.

Hyllestad sokneråd har 6 faste leke medlemmer og 5 leke varamedlemmer.

Faste medlemmer: Linda Ølmheim, Reidun Skår, Steinar Urnes, Anny Dale Fureli, Liv Synnøve Andersen og Brit Inger Skaar.

Varamedlemmer: 1.vara: Atle Tønning, 2.vara: Odd Takle, 3.vara: Magnhild Hofland, 4.vara: Kurt Arve Kjos og 5.vara: Rune Risnes.

Geistleg representant i rådet

Til 30.6.2022: Sokneprest Karl Hjelmeland, personleg vara: Seniorprest Audun Systad
Frå 15.8.2022: Runar Matsui-Li, personleg vara: prost Knut Magne Nesse

Kommunal representant: Rune Risnes. Personleg vararepresentant: Stein Arne Solheim
Når soknerådet handsamar saker som involverer kommunen (har kommunal finansiering gjennom drift- og investeringstilskot), møter representant frå kommunen i rådet.

Soknerådsleiar: Linda Ølmheim. Soknerådsnesteleiar: Steinar Urnes.

Tilsette hos Hyllestad sokn

Kyrkjeadministrasjon: 0.65 årsverk.

Kyrkjevevjerje/dagleg leiar 25% Irene Fløde, som har permisjon i del av stillinga si hos Fjaler sokn for å ta kyrkjevevjerjeansvar i Hyllestad sokn.

Etter vel 17 år som kyrkjevevjerje i Hyllestad, siste perioden sidan hausten 2014, sa Irene Fløde opp stillinga frå årsskiftet.

Kyrkjeseekretær 40%, Aslak Åm Sognnes. I tillegg til å vere sekretær har han ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring. Han avlastar kyrkjevevjerje og har praktisk tilsyn med kyrkjer og gravplassar, er altmogelegmann.

Kyrkjer: 0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40% Helge Oddvin Systad. Organist 35% Erling Akse.

Trusopplæring: Kyrkjelydspedagog 25% Toril Lange til mai 2022.

Tilsett hos Bjørgvin bispedømmeråd: 0,6 årsverk.

Sokneprest 60%. Karl Hjelmeland til 30.6.2022. Runar Matsui-Li frå 15.8.2022.

Seniorprest/prostiprest Audun Systad hadde framleis ein del teneste i Hyllestad sokn.

Soknepresten er også representert i kommunen sitt kriseteam.

Kjøp av tenester – inngåtte avtaler

Vedlikehald av gravplassane vert utført av Indrefjord Gard, Ole I Sognnes.

Gravingstenester, opning og lukking av grav, vert utført av Hyllestad Bygg AS, Harald Espeland.

Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor i tredje etasje på kommunehuset, med utsikt til Hyllestad kyrkje. Ulempa er at her, til liks med andre kontor i kommunehuset, er veldig lytt. Til fortrulege samtaler må soknepresten nytte kyrkja.

Soknerådsmøte

Soknerådet hadde 7 møte og handsama 58 saker. Soknerådet hadde oftast møte onsdagar frå kl. 17.00.

Årlege soknerådssaker er budsjett, økonomiplan og rekneskapssaker, samt årsrapport. Det er òg gudstenesteplan og offertildeling. Val av leiar og nestleiar skal gjerast årleg.

Saker som gjeld kyrkje og kyrkjegard vert kommentert seinare under der det gjeld.

Av andre saker kan nemnast:

Trusopplæring etter at kyrkjelydspedagog Toril Lange slutta sommaren 2022

Inviterande kyrkjelydar, Nemnd for kyrkjebladet, Steinkrossnemnda og arrangement,

Samordningsavtale HMT mellom Hyllestad sokn og Bjørgvin bispedøme

Støtte til konfirmandane si deltaking på Base Camp

Gåve i samband med at biskop Halvor Nordhaug sluttar, til misjonsprosjekt på Cuba

Kyrkjeveerjestillinga etter at kyrkjeveerje Irene Fløde sluttar

Kommunalt driftstilskot – auke i driftstilskot frå kommunen for å lyse ut 50%

kyrkjeveerjestilling

Møte med kommunen

Auka driftstilskot for auka kyrkjeveerjestilling

Soknerådsleiar Linda Ølmheim og kyrkjeveerje Irene Fløde var 26.9.2022 i møte med kommunen ved konstituert kommunedirektør Gjermund Flage og ordførar Kjell Eide. Soknerådet hadde sendt innspel til kommunen om auka driftstilskot for å kunne tilsetje kyrkjeveerje i 50% stilling, når den vil bli ledig frå årsskiftet. Kyrkjeveerjestillinga var 50% inntil 2014 då Irene Fløde byrja i 25 % stilling etter å fått permisjon frå del av kyrkjeveerjestillinga i Fjaler sokn.

På møtet opplevde vi at kommunen var positive, men at vi måtte vente til budsjetthandsaminga seinare på hausten med vedtak i desember 2022. Dessverre gjekk kommunedirektør og ordførar tilbake på dette, og innstilte ikkje på auke i tilskotet.

STOR TAKK TIL POLITIKARANE SOM AUKA DRIFTSTILSKOTET slik at vi like for årsskiftet kunne lyse ut 50% kyrkjeveerjestilling. Takk til politikarane for at soknerådet med ansvar for drift og vedlikehald av 3 kyrkje og eitt kapell, drift og vedlikehald av 3 gravplassar, og i tillegg ansvar for økonomi, personal, kontor, HMT med meir, kan ha to tilsette i administrasjonen med totalt 90% stilling. Driftstilskotet til soknet er om lag 1,5% av det kommunale budsjettet. Kommunen, som har finasieringsansvar, får mykje att for midlane.

Kyrkjebygga i Hyllestad

Soknerådet fekk utarbeidd tilstandsrapport for Øn kyrkje som vart sendt til kommunen. I møtet med kommunen vart det bestemt at soknerådet og kommunen i fellesskap skulle invitere inn til ei informasjon og dialogsamling i Hyllestad kyrkje 19.9.2022, der framtida til kyrkjebygga,

tilstandsrapport og prioritering skulle vere tema. Dessverre var det få utanom kommunedirektør, ordførar, sokneråd og kyrkjelege tilsette, som møtte fram i kyrkja. Det er ikkje enkelt for sokneråd og kyrkjejengarar å seie så mykje når vi frå kommunen si side får vite at det er enten å ruste opp skulen eller å bruke pengar på Øn kyrkje.

Hyllestad kyrkje er bygd om og fungerer svært godt som «såkalla» arbeidskyrkje, og her er svært mykje aktivitet. Det er naturleg at soknerådet prioriterer Hyllestad kyrkje øvst blant kyrkjebygg. Bø kyrkje er listeført hos Riksantikvaren og ligg på ein gravplass. Øn kyrkje er den nyaste og største av kyrkjebygg, og som no treng omfattande vedlikehald.

Vi har sagt mange gonger at det ikkje er enkelt for ein lite kommune med 1268 (4. kvartal 2022 SSB) innbyggjarar å ha ansvar for så mange kyrkjebygg. Men det er kommunen som har finansieringsansvaret for kyrkjene og såleis set med «jokeren».

Kyrkjelydsmøte – soknemøte med orientering om årsrapporten var etter gudstenesta i Hyllestad kyrkje 27.3.2022.



Medarbeidarfest 27. april 2022.

Tilsette, råd og frivillige (så langt ein hadde oversikt over) var invitert og 32 var samla til servering og litt underhaldning. Samlinga var, på grunn av

koronarestriksjonar, utsett frå desember året før. God mat og noko program høyre med på ein fest. I tillegg til lokale innslag var Kjell Ivar Aase, tidlegare organist i Gaular, med og gledde oss med eit par musikk-stykkje på orgelet.



Prostevitjing

Prost Knut Magne Nesse var tre gonger i Hyllestad dette året:
1. mai. Gudsteneste der det i forlenging av gudstenesta var takk til sokneprest Karl Hjelmeland, Audun Systad og kyrkjelydspedagog Toril Lange som alle slutta.
10. mai. Samtale om presteteneste og kyrkjeleg arbeid, først med dei tilsette og seinare på dagen med soknerådet. Her møtte avtroppande sokneprest Karl Hjelmeland og «avløysaren» Runar Matsui-Li samt kyrkjelydspedagog Toril Lange.
28. august. Innsetjingsgudsteneste der sokneprest Runar Matsui-Li vart innsett og ønskt velkomen.

.....

LIVSRITER

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Dåp - totalt	12	10	8	7	7	5
Konfirmant	17	18	10	18	8	9
Vigsel	1	0	0	0	2	0
Gravferd / bisetjing	17	15	20	19	16	19

Prestetenesta v. Sokneprest Karl Hjelmeland

1. halvår 2022 hadde underteikna det koordinerande sokneprestansvaret for Hyllestad, men etter som ansvarsområdet også omfatta Lavik, Bjordal og Ortnevik, var også Audun Systad sterkt medverkande i Hyllestad. Viser difor til hans rapport.

Gudstenester

Dei gudstenestene eg hadde var særleg knytt opp mot trusopplæring/ konfirmantar. Særleg kan nemnast Tårnagentgudsteneste på Hyllestad etter tårnagentsamling i Øn kyrkje dagen før. Vidare samtalegudstenesta og konfirmasjonane som var gode opplevingar.

Likeins gudstenestene i høgtidene påske og pinse. Viser elles til Audun sin rapport.

Konfirmantar

Konfirmantarbeidet var eit samarbeid mellom kyrkjelydspedagog Toril Lange, frivillig medarbeidar Linda Ølmheim og meg som sokneprest. Viser til Toril Lange sin rapport.

Prestetenesta v. seniorprest Audun Systad

I årsmeldinga for 2021 vart det året karakterisert som «annleisåret» på grunn av koronapandemien. Første delen av 2022 var dette normalisert igjen. Det som gjer 2022 også til eit «annleis-år» er den store utskiftinga i staben som då vart.

Underteikna gjekk frå 1.august 2021, over i ein seniorprest-stilling i prostiet og gjekk av med pensjon frå 1.september i år; august var feriemånad.

Gudstenesteliv i Hyllestad



Dette året vart gudstenestene hovudsakleg fordelt på tre prestar; Karl Hjelmeland, Runar Matsui-Li og Audun Systad. Sistnemnde hadde ansvar for 15 av gudstenestene i 2022. Av dei kan spesielt nemnast påskemåltid skjærtorsdag, 50-årskonfirmantar i mai, 17.mai-gudstenesta der «Fjordklang» song «Ukraina-Noreg»; («Ja vi elsker» fletta saman med den Ukrainske nasjonalsongen, *arr. av Magnar Åm*). Det kom fleire frå Ukraina til gudstenesta denne søndagen, og det var ei sterk oppleving, både for dei og for oss alle i kyrkja.

To gudstenester på Eiklund omsorgssenter,

friluftsgudsteneste på Dagsturhytta. Gudstenesta som skulle vore i Kvernsteinsparken i juni, vart flytta til kyrkja grunna vêret. Der var det orientering om kystpilegrimsleia.

Avskilsgudstenesta 1.mai vart ei fin oppleving, der dei tre som slutta i tenesta, fekk møte ei bra fullsett kyrkje. Prosten heldt preika og «Moreld» song. Unge deltok i samband med trusopplæringsoppgåver.

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

I byrjinga av 2022 måtte ein og ha samlingar på fleire avdelingar grunna smittevernet. Det endra seg på våren. Alle tre prestane har hatt samlingar på Eiklund dette året, og det har vore ein ganske god og jamn frekvens på samlingane, om lag annankvar veke. Frivillige som til dømes Kirsten Gravdal Ryland og Helge Systad har og vore innom og delteke.

Organist Erling Akse deltek jevnt og trutt. Jostein Kvåle deltek og som frivillig medarbeidar.

Diakoni – Kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid

Ein god del av arbeidet i kyrkja har gjerne eit diakonalt preg, og vert omtala i årsrapporten elles. Det hadde vore flott å kunne ha nokon tilsett som først og fremst har med diakoni å gjere, men slik er det ikkje no. Sokneprestane har i sitt oppdrag med kyrkjelege handlingar ein god del samtaler. Eigne besøksdagar på Eiklund har det vore. Også besøk etter andaktene. Nokre kjem og spør om personlege samtaler og forbøn.

Elles er det fleire frivillige som med sin daglege kontakt med naboar og andre, gjer ei viktig diakonal teneste.

Bønegruppa i kyrkjelyden som samlast kvar torsdag, i det siste i det nye tårnrommet i kyrkja, får inn fleire bøneemne. Anfrid Misje Åsmul leier den gruppa. Det blir elles bede for samlingane og dei tilsette i kyrkjelyden, og elles for det som rører seg i den stor verda. Her er nok av bøneemne!

«Inviterande kyrkje» - Dette satsingsområdet, som soknerådet gjekk inn for i 2021, fekk prege ein god del av året 2022, og vart eit fint tilskot til det diakonale arbeidet i kyrkjelyden. Hyllestad fekk vere med på eit prosjekt som vart leia av diakon Marianne Magnussen i Bergen, og som fekk støtte av Kyrkjerådet.

Med i planlegginga var soknerådsleiar Linda Ølmheim, prestane Karl Hjelmeland og Audun Systad. Sistnemnde er kontaktperson for prosjektet vidare. Noko av planlegginga var saman med Askvoll prestegjeld, som også gjennomførte same kursopplegg.

Det starta med vaffelstand i Leirvik 2. februar, og utsending av spørjeundersøkingar, der 56 svar kom inn. Vi opplevde å bli meir bevisste på det store kontaktnettet ein har som kyrkje. I løpet av året var det og 3 kurskveldar med påmelding: 16.mars, 11. mai og 24. august. Kurskveldane samla mellom 15 og 21 menneske. Det vart fine samlingar med god servering, og gode samtalar.

Som «Inviterande kyrkje» ynskte ein lågterskeltilbod som kafé. Det kan og vere samtalar om tvil og tru. Svara i undersøkinga synte at mange var positive og kunne tenke seg å svare ja på ein invitasjon om å komme.



Interkulturell kafé – er eit lågterskeltilbod, og stemninga på kurset var at dette skulle ein satse på først. Ikkje minst på grunn av krigen i Ukraina og dei mange flyktningane som kom, også til Hyllestad. I 2022 hadde ein to slike arrangement; 11. juni og 12. november. Ein var svært glad over det gode frammøtet, vel 40 første gong og rundt 50 den andre gongen. Då var det heile 8 nasjonar som var representerte. Desse laurdagane på dagtid er då eit tilbod, med vaflar, kaffi, god prat, songinnslag og aktivitetar for born. Praten gjekk livleg, og folk såg ut til å kose seg. Viktige kontaktar vart knytt.

Ein god prosent av dei som var med på planleggingskurser har hjulpet til praktisk. Nokre har og meldt seg som «flyktningvener» i regi av Røde Kors, som er aktive på dette området, og også har eigen gjenbruksbutikk i Leirvik.

Kystpilegrimsleia

Kvernsteinsparken i Hyllestad er ein av dei 26 nøkkelstadane på Kystpilegrimsleia, frå Egersund til Trondheim. Leia vart offisielt opna av dronning Sonja på øya Selja 8. juli 2018. På ein «nøkkelstad» kan ein få «pilegrimspass». Det kom på plass i Kvernsteinsparken i 2019.

I 2021 vart det underskrive ei «partnarskapsavtale» mellom Hyllestad kommune, nøkkelstaden Kvernsteinsparken og Regionalt Pilegrimssenter Selje. Det går på ansvarsfordelinga med skilting informasjon mm.

I verksemdsplanen går det fram at: **Dei fire grunnpilarane i pilegrimssatsinga er:**

1. Kultur. 2. Kyrkje. 3. Næring og 4. Miljø.

Hyllestad sokneråd nedsette i 2021 ei steinkrossnemnd med følgjande medlemer:

Astrid Waage, Linda Ølmheim, Steinar Urnes, Sigrid Solberg og Audun Systad.

Under pkt. 2 Kyrkje i verksemdsplanen (som soknerådet/steinkrossnemnda spesielt skal ha si merksemd innretta på): står det:

"Pilegrimssatsinga skal ha ei tydeleg kyrkjeleg forankring, og samtidig vere open og inkluderande for menneske med ulike tru, kultur og religion.

Delmål:

- *Auke talet på opne kyrkjer langs leia.*
- *Bygge ein tydeleg profil som pilegrimsmål for menneske i dag.*
- *Legge til rette for utsending og mottak av pilegrimar langs leia.*
- *Samarbeide med fagmiljø i og i tilknytning til kyrkja om fornying av pilegrimstradisjonen.*
- *Fremje heilagstaden som ein stad for alle pilegrimar og skape dialog mellom trussamfunn"*

Steinkrossnemnda har hatt 5 møter i løpet av 2022. 6. april var det ein **kulturkveld i Hyllestad kyrkje**, om steinkrossane. Astrid Waage leia kvelden. Per Chr. Burhol i Kvernsteinsparken deltok. Audun Systad innleia til samtale, ut frå oppgåva si.

Det var godt frammøte, (vel 40), og mange fine innspel denne kvelden. Song ved Kirsten og Jostein Ryland.

Kommunen var representert ved ordførar med fleire.

Ein ynskjer fokus på denne arven i skulen t.d., jfr. skuleprosjektet om kvernsteinane.

Fram mot jubilea i 2024 (Moster) og Stiklestad (2030 – nasjonaljubileum for kristninga) er her mykje å ta fatt i.

For Kyrkja i Hyllestad vert formidlinga av historia om steinkrossane viktig også framover. Om gjerne berre eit fåtal har høve å reise lange strekningar på leia, kan ein smakebit frå dei ulike nøkkelstadane vere verdfull.

Det er ei utfordring at Hyllestad og Kvernsteinsparken ligg litt inne i fjorden, og dette med skilting er enno ikkje på plass. Elles kjem jo nokre som det ein populært kallar «bilgrimar», med bil! Ein kjem og vil høyre historia. Dette kan det på ulikt vis bli meir fokus på framover.

I september besøkte dagleg leiar for Selja pilegrimssenter, Tonje Ramse Trædal, Hyllestad. Det var på ein særskild vakker haustdag. Den gamle kyrkjegarden på Hyllestad synst ho burde få enno meir merksemd med si unike historie. Vandringer til/frå den er aktuelle.

Det gjeld og fleire samlingar i Hyllestad kyrkje om dette temaet. Meir informasjon om krossfragmentet som no heng i kyrkja, bør komme på plass.

Hyllestad har del i ei unik historie om steinkrossane, som bør forvaltest godt i tida som kjem.

Å sjå denne arven saman med andre viktige nøkkelstadar er ein god farbar veg. Gulating i sør bør t.d. vere ein god samarbeidspartnar. Audun Systad representerte Kvernsteinsparken på ei nøkkelstadsamling der i oktober, og var også på ei regional samling i Bergen samme månad.

Elles har han hatt innlegg om dette på Alværa, Ortnevik og i Vilnes kyrkje (på Atløy), i samband med bispevisitas i mai 2022. 31. juli var det ei felles gudstenestesamling i området her ute ved steinkrossen i Korssund.

Trusopplæring ved Toril Lange (slutta til ferien 2022)

2022 vart eit nesten normalt år. Frå midten av februar «opna samfunnet» igjen og vi kunne endeleg samlast på lik måte som før 12. mars 2020. Fram til 1. august var det tilsett kyrkjelydspedagog som hadde ansvar for trusopplæringstiltaka. Sjølv etter fleire utlysingar, har ein ikkje fått tilsett ny trusopplærar.

Følgjande tiltak vart planlagt og gjennomført vinteren/våren 2022

Myldresamlingar

Det var planlagt 1 myldresamling for born i alderen ca 2 år til 6 år ein gong i månaden. I starten av året skapte koronaen utfordringar med tanke på gjennomføring, og vi inviterte kun eit par av avdelingane i barnehagen kvar gong. I tillegg kom det ønske om at vi skulle dele gruppa. Difor vart det 2 samlingar i månaden – 1 for småbarnsavdelingane og 1 for avdelingane med dei største borna. Frå nyttår til påske var det 6 samlingar og alle fekk tilbodet 3 gonger. I mai vart det 1 samling der alle var inviterte.



Opplegget var som tidlegare år – med samlingsstund med song, bøn, lystenning og Jesusforteljing på flanellograf. Av og til var det ein liten formingsaktivitet. Igjen kunne ein avslutta samlingane med kvelds. Til saman 21 born var med på 1 eller fleire av samlingar. På det meste var 15 born samla.

Tårnagenthelga var siste helga i januar. Som alltid var samlinga på laurdag i Øn kyrkje. Øn kyrkje er einaste kyrkja i kommunen der vi kan gå opp i kyrketårnet – og det vert inga skikkeleg

tårnagenthelg utan utfordringa med å komme heilt opp i tårnet. Laurdagen løyste agentane ulike oppgåver; velkomst, agenttips, skattejakt og førebuing av gudstenesta. På menyen var det flaggermussuppe.

Søndag var dei medarbeidarar på tårngudstenesta i Hyllestad kyrkje.

Det var 6 tårnagentar frå 3. trinn og 2 englevakter/medhjelparar frå 6. klasse var med på opplegget.

Bibelutdeling og minikonfirmantpresentasjon var på tårnagentgudstenesta søndag 30. januar. 5 fekk *Bibelen – Ei vandring gjennom den store forteljinga* – denne dagen. Minikonfirmantopplegget er eit tilbod til dei som går i 5. klasse. Det var samling 5 onsdagar i februar/mars/april, -frå rett etter skuletid og i ca 1 ½ time. Siste helga i mars var det minikonfirmantweekend på Alvøra. Weekenden var felles for Hyllestad, Høyanger og Balestrand. Avskjedsgudstenesta for Audun, Karl og kyrkjelydspedagog 1. mai, vart også avslutningsgudsteneste for minikonfirmantane. Der deltok minikonfirmantane med lesing og lystenning og dei fekk utdelt minikonfirmantdiplom og perm. Våren 2023 var det 7 minikonfirmantar.

Konfirmantar våren 2022

Konfirmantsamlingane ca annankvar torsdagskveld, var planlagt som fellessamlingar for Hyllestad og Lavik i Hyllestad kyrkje. Koronaen førte til ein del endringar. Nokre gonger måtte gruppa delast, og Hyllestadkonfirmantane hadde egne samlingar. Nattcupen for Sunnfjord i januar vart avlyst. I staden var det konfirmantklubb/tacokveld i kyrkja.

Konfirmantweekenden første helga i januar måtte utsetjast til siste helga i vinterferien. Tema for leiren var påske. Leiren vart som vanleg avslutta med gudsteneste med kyrkjekaffi – der familie var invitert.

Konfirmantane deltok også på samtalegudsteneste søndag 13. mars.

Det var 9 ungdomar som var konfirmant 2022. Det var konfirmasjonsgudstenester i Bø og Hyllestad kyrkjer.

Etter soknerådsvalet hausten 2019, er følgjande med i **Trusopplæringsutvalet**:

Steinar Urnes (soknerådsrepresentant), Kari Nordbø Systad, Liv Kirsten Mjell Hofsvik og Toril Lange. Utvalet hadde ikkje møte i 2022.

Takk for meg og takk for godt samarbeid



Sidan 2010 har eg vore kyrkjelydspedagog i Hyllestad og no nytter eg høve til å takke for meg. Det har vore ein spennande og kjekk jobb. Det har vore fint å møte og å bli kjent med så mange trivelege born og unge. Det har vore til inspirasjon å sjå korleis borna og dei unge trivst i kyrkjerommet og har eit eigarforhold til kyrkja. Det har vore enkelt og fint å samarbeide med foreldre/føresette.

Hyllestad kyrkjelyd har hatt eit trusopplæringsstilbod til dei fleste aldergrupper.

Utan frivillige medarbeidarar hadde det ikkje vore mogeleg – medarbeidarar som er med gong etter gong. Takk for godt samarbeid!

Vegen vidare må soknerådet saman med trusopplæringsutvalet bestemme – og drøfte. Noko dei alt gjer.

Mange av dei tiltaka som har vore gjennomført år etter år, syns eg er verd å satse vidare på og **eg vil oppmode Soknerådet om å satse på følgjande og fordi:**

- Myldresamlingar er eit enkelt opplegg, og er med å skape ein positivitet til kyrkja og kyrkjerommet. Dette er også ein uformell møtestad for foreldre/føresette

- Minikonfirmantar er eit fellestiltak for Ytre Sogn, og med felles leir på Alværa får ein mykje hjelp frå andre
- Tårnagent er ganske travelt, men på nettet finn ein mykje godt materiell. Tårnagenthelga er også knytt opp mot gudsteneste og ein har då ei gudsteneste tilpassa born/familiar.

Base Camp i Hyllestad


v Kirsten og Jostein Ryland

For sjuande gong vart ungdomsleiren Base Camp arrangert i Hyllestad i haust. Innpå 100 ungdommar deltok, og dei kom mellom anna frå, Bergen, Askøy, Lindås, Gulen, Høyanger og Hyllestad. Når ein samlar 100 ungdommar i alderen +13 år, frå fredag til sundag, så må ein vere forberedt på lite søvn og mange flotte opplevingar 😊.

Base Camp har no gått seg til, der ungdommen planlegg og styrer, medan vi litt meir vaksne syter for mat, praktisk hjelp og økonomisk sikkerheit.

I år som i fjor var Mari leirsjef, med eit handplukka team rundt seg til å fordele ulike oppgåver. Ungdommane startar planlegginga av ny leir alt tidleg på året, dei driv ei imponerende organisering med inndeling i ulike team med ulike ansvar for helga, og set opp grupper med eldre ungdom som leiar i kvar gruppe, slik at alle som er med på leiren har ein fast kontaktperson som føl med dei og deira gruppe heile helga. Ingenting er tilfeldig, svært god planlegging, mykje basert på tidlegare erfaringar. Har sagt det før, men det er eit privilegie å sjå korleis desse ungdommane veks i klokskap, og utviklar leiareigenskapar år for år.

Som del av denne «rapporten» frå BC2022 har eg lyst dele eit bønnebrev som ungdommane utarbeidde, og sende ut i forkant av BC. Synest dette på ein god måte belyser kva ein eigentleg ynskjer få til ved å arrangere BC kvart år.



Nytt av året var jo at vi denne gongen ikkje brukte kyrkja på Hyllestad som arena, men vi leigde Hyllestadhallen i tillegg til skulen. Dette fungerte kjempeflott, det vart meir komprimert, ungdommane overnatta på skulen. Vi delte hallen i 3-deler, hadde aktivitetar i del-1, møter og samlingar i del-2 og mat i del-3.

Ynskjer her å rette stor takk til Hyllestad kommune og Hyllestad skule, for at vi alltid vert møtt positivt når vi kjem og spør om leige av bygg og utstyr til Base Camp helg.

Og ikkje minst må vi takke alle som stiller opp med mat, hjelper til under arrangement, ryddar og vaskar, og stiller opp som nattevakter, med tilrigging og nedrigging av utstyr. Utan dykk hadde dette ikkje gått an å arrangere på ein slik god måte som Base Camp i Hyllestad er blitt.

Men den største takken går til våre fantastiske vaksne ungdommar 😊, med leiar Mari Dale Salbu i spissen, for deira store innsats og for deira positive entusiasme og glede, anten dei er oppvaksne i Hyllestad, Askøy, eller andre stader.

Vi opplever at Base Camp i Hyllestad er noko mange ungdommar gler seg til kvart år, og kvart år er det nye ungdommar som kjem til. Dei som kjem knyter også nye vennskap, og for nokre av dei blir denne helga starten på ei heilt ny og betre retning i liva deira, medan andre igjen friskar opp tidlegare vennskap og hentar på nytt styrke i fellesskapet.

Takk for vel gjennomført Base Camp 2022 og vel møtt til Base Camp nr. 8 i rekka hausten 2023 😊

Kyrkjelydsbasar

Sundag 30. oktober var det på ny den årlege kyrkjelydsbasaren.

Hyllestad kyrkje var fullsett, med litt over 100 personar sessa kring småbord. Vanen tru, var det ein kort andakt til opning før ein gjekk over til rein basar. Song-gruppa Moreld gledde oss med flott song.

Etter kvart som åresalet kom i gong, vart det eit yrande liv med god drøs kring borda. Mange flotte vinstar.

Takk til soknerådet og ei ekstra takk til basarnemnda og alle dei som stilte opp, for flott tilrettelegging og ein formidabel innsats. Takk og til konfirmantane som tradisjonen tru, er sterkt medverkande under heile basaren! Takk for flotte og nyttige vinstar og god kaffimat.

Hjarteleg takk for kr 78.563. Kjempresultat!

Jostein Ryland hadde ein solid gjennomgang av alt barne og ungdomsarbeidet som er i kyrkja i Hyllestad, jammen er der mykje aktivitet! Inntekta frå basaren går til å driva nett dette arbeidet. Flott at dette vart sett ord på og på ein måte som engasjerer. «Hausten er stor, men arbeidarane er få!» Difor vonar vi kvar einskild tenkjer gjennom fylgjande – kan eg bidra/hjelpe til med noko av barne og ungdomsarbeidet?:

Konsertar

Søndag 6. mars var det som taket letta i Hyllestad kyrkje!

Orgelkonsert med Iver Kleive. Vel 60 tilhøyrarar fekk ei musikalsk oppleving heilt utanom det vanlege denne dagen. Konsert-tittel var «Bridge Over Troubled Water». Han tok oss med inn i



det mjukaste vare, såraste sære, det tyngste stormande og eit jublande møte med Paradiset. Her var og enkelte nummer med humoristiske tilsnitt. Til tider var det som taket letta frå tonehavet og heile kyrkjerommet vibrerte med, so ein verkeleg kjende det i heile kroppen. Ei oppleving av dei sjeldne. Koret «Fjordklang» song Iver Kleive sitt «Kyrie» saman med Iver, noko som var stor stas for koret!

Arr; Hyllestad kommune, Hyllestad sokn, og Hyllestad Folkeakademi for flott konsert.

Laurdag 26. mars

Moreld heldt ein flott konsert i Hyllestad kyrkje til inntekt for hjelp til Ukraina. Som alltid, når Moreld stiller opp, eit godt variert program. Veldig viktig bidrag i kyrkjelyden, dei stiller opp ved fleire gudstenester gjennom året.

Fredag 18. november

Gerda Otterstein, organist i Høyanger, heldt ein flott, stemningsfull orgelkonsert i Hyllestad kyrkje. Her var det høve til å setja seg roleg ned, lytta, ta i mot, reflektera, tenna ljøs og berre få

påfyll av ro i sjela. Ikkje so mange som hadde funne vegen til kyrkja denne kvelden, men det vart ei fin stund for oss som var der.

Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kom ut med berre to nr. i år og. Heretter vert to nr. i året den nye normalen, eitt i juni og eitt til jul. Mange er takksame for å få kyrkjebladet i postkassa og betalar bladpengar. Bladpengar, saman med annonseinntekter, gjer det mogeleg å fortsetje å gje ut bladet. I tillegg til kyrkjebladet kommuniserer Hyllestad sokn med innbyggjarane via Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*) og heimesida (www.hyllestad.kyrkja.no)

Våren 2020 avslutta lokalavisa Firda gratistenesta Det Skjer. No blir gudstenester kunngjort kvar laurdag i ei felles annonse for heile Firda sitt dekningsområde. Der står berre stad og klokkeslett, og det blir vist til heimesida for meir informasjon. På heimesida vår, www.hyllestad.kyrkja.no, finn ein gjeldande gudstenesteliste.

Kyrkjer, kapell og gravplassar

Kyrkjer

Bø kyrkje

Tårnet stod att å mala etter måling av kyrkja i 2020, dette vart gjort ferdig på seinsommaren 2022

Hyllestad kyrkje.

Vindaugsvedlikehaldet, som starta i 2019, vart avslutta. Vedlikehaldet av vindauga mot syd -aust. synt seg å verta meir omfattande enn venta, då to av vindauga hadde sprosper med roteskade som måtte utbetrast. Eitt vindauge vart «suppleringskitta», medan dei to vindauga nærast parkeringsplassen) fekk meir omfattande vedlikehald.

Kyrkjetenaren jobba inn i mellom, ekstra i tillegg til kyrkjetenarjobben, med rommet bak orgelet som skal nyttast til sårt tiltrengt lagerplass, berre litt listing står att.

Ved ombygginga for om lag 10 år sidan vart det montert varmepumper i kyrkja som skulle syte for oppvarminga. No måtte nokon av dei skiftast ut då dei slutta fungere, og dette året vart det montert to nye bakarst i kyrkja, finansiert av driftsfond. Det merkast godt på temperaturen inne i kyrkja når det vart kaldare i veret. Så spørst det når dei to gjenståande varmepumpene må skiftast. Flomlysa på kyrkja vart skifta ut, men talet redusert. Straumsparingstiltak.

Øn kyrkje og Øn kapell

Ein fekk utarbeidd eit grundig tilstandsrapport på Øn kyrkje dette året. Her vart avdekka eit omfattande vedlikehaldsbehov, kostnadsrekna til om lag kr 10mill.

Øn kyrkje har problem med skiferen av dårleg kvalitet på taket, der det hender at heller dett ned. Rapporten rådde difor til å setja i verk sikringstiltak som gjerde rundt kyrkja, for hindra ferdsel inntil vegg. Utfordringa er å få nokon til å legge hellene tilbake på plass på grunn av høgda som krev ekstra høg lift med ekstra sertifisering av dei som nyttar den.

Flomlysa på kyrkja vart skifta ut, men talet redusert. Straumsparingstiltak.

Det vart søkt om eksterne midlar til utskifting av flomlysa ved kyrkejne, men til liks med veldig mange andre, rakk vi ikkje opp i den store konkurransen.

Øn kapell hadde ikkje vedlikehald. Soknerådet fekk overført 33 tusen kroner av lokalt innsamla midlar som skulle nyttast til måling, noko vi håpar å få til neste år.

Gravplassar

Årleg arbeid på alle gravplassane er planering og tilsåing av graver. Klipping og beskjerjing av hekk og trær. Fjerning og knusing av gravminne frå sletta graver.

Bø gravplass

Dugnadsarbeidet med å skifte ut gjerdet rundt gravplassen vart påbyrja i 2020, men koronarestriksjonane la ein dempar på lysta til aktivitet, det same gjorde den våte sommaren. Ein

del står difor att.

Arbeid med ny platting/rampe ved toalett og reiskapshus vart ferdig på nyåret. Det var godt å få skifta ut den glatte trerampa med strekkmallrister, før nokon datt og braut seg sund.

Her og står det mykje oppryddingsarbeid att på dei gamle gravfelta. Ein del gamle fastmerkje må skiftast ut med nye. Festeavklaring held fram

Hyllestad gravplass

Dette året har vi fått på plass ny vasspost på gravplassen. Denne skal erstatta den gamle på veggen. Vart alltid ein kraftig lyd inne i kyrkja kvar gong nokon tappa vatn, uheldig og sjenerande dei gongene det var arrangement i kyrkja. Vidare vart det, i samband med dette, lagt ned drenering frå takrennene på kyrkja. På den måten vonar ein å ha fått vekk mykje vatn frå gravplassen. Under dette arbeidet vart og «gamle synder» avdekka. Vi fann ein septiktank! Den vert no lagd inn i tømerutinene! Ikkje ein dag for tidleg!

Arbeid med festeavklaring og opprydding på feltet nedom kyrkja, felt B, held fram. Gravlegging har vore i samsvar med fastmerka sidan 1990. Gravene nedst mot muren vil ikkje bli nytta då vi er usikre på tilstanden av muren. Det vil difor vera naturleg at gamle særeigne gravminne med bevaringsverdi vert plassert på dei næraste gravene

Ved gravlegging nyttar vi no oftast det omregulerte feltet på oppsida av kyrkja.

Øn gravplass

Her og står det mykje oppryddingsarbeid att på dei gamle gravfelta. Ein del gamle fastmerkje vart skifta ut med nye. Festeavklaring held fram

Oppgåver på gravplassane som MÅ bli realisert.

Vi har som mål å få realisert litt kvart år.

Bø gravplass:

- ✓ Fortsetje arbeidet med utskifting av gjerdet rundt gravplassen.
- ✓ Kome a jour med festeavklaring og få rydda det gamle gravfeltet nær kyrkja som er stengt for graving.
- ✓ Undersøke om det gamle gravfeltet kan nyttast til urnefelt.
- ✓ Måle og vedlikehalde toalett-/reiskapshuset (tidlegare bårhuset) .

Hyllestad gravplass:

- ✓ Reiskapshus er heilt påkravd
- ✓ Påfylling av jordmasse på felt B, på nedsida av kyrkja, for å jamne ut grasbakken.
- ✓ Få ferdig festeavklaring på felt B. Setje gravminna i samsvar med gravkartet.

Øn gravplass:

- ✓ Bore etter vatn – er problem med vassforsyninga.
- ✓ Fortsetje arbeidet med festeavklaring og få fjerna gravminne frå graver som ikkje lenger er ønskt festa. Dette er eit svært tidkrevjande arbeid som vil strekkje seg fram i tid.
- ✓ Påfylling av jordmasse for å jamne ut grasbakken.
- ✓ Fortsetje med utskifting av gamle fastmerkje
- ✓ To nye benkar.

Hyllestad sokn Rekneskapen 2022 Årsberetning

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av Vestland revisjon, Kommunalt Oppgåvefellesskap. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt.

Hyllestad sokn sin rekneskap har fire tenester:

Kyrkjeleg administrasjon (041), Kyrkjer (042), Gravplassar (043) og Anna kyrkjeleg verksemd (044). Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første tenestene.

Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke*. Gjeld frå 1.1.2021.

Hyllestad sokn eig gravplassane og har ansvar for gravplassforvaltinga. Dette i samsvar med «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) §1, 4 ledd og §23.

Kommunens finansieringsansvar for gravplassforvaltinga står i Gravplassloven § 3 «*Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar.*», 2-3 ledd.

044 Anna kyrkjeleg verksemd (tidlegare soknerådsaktivitet, kyrkjelydsbyggande aktivitet)

Inntektene under *Anna kyrkjeleg verksemd* er offer, gåver, øyremerka tilskot og basar m.m. Offer og gåver finansierer utdelingsmateriell som til dømes dåpsbilde, dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut. Bøker som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. Soknerådet mottok tilskot frå «Rettssubjektet Den norske kyrkja» til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til Kyrkerådet via bispedømmerådet.

Tenestene under *Anna kyrkjeleg verksemd* er knytt til kvart sitt bunde fond. Dette fordi inntektene er øyremerkte og må nyttast til dei føremåla gjevar har ønskt. Desse tenestene vert difor, med unnatak av utgifter til konfirmentarbeid, avrekna mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Tenestene går i balanse. Dette også fordi desse tenestene skal haldast utanfor dei tre tenestene (Administrasjon, Kyrkjer og Gravplassar) der kommunen har fullt finansieringsansvar.

Rekneskap - årsavslutning

Driftsrekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar + utgifter til konfirmasjonsundervisning, avslutta i balanse.

DRIFTSINNTEKTER

Sum driftsinntekter, inkludert inntekter under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 2 795 906.

Driftstilskotet frå kommunen er kr 1 865 000. Det er kr 35 000 mindre enn det soknerådet bad om.

Brukarbetaling, avgifter og leigeinntekter kr 155 308, Refusjonar/overføringar kr 232 722.

Andre tilskot, gåver og innsamla midlar kr 226 233.

Tilskot frå rettssubjektet Den norske kirke (Kyrkerådet) til trusopplæring kr 125 258, med rapporteringsplikt.

Kalkulatoriske inntekter og kalkulatoriske utgifter (går i null), er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet, kr 191 386. Det er i hovudsak utgifter kommunen har til rekneskapsføring, lønsutbetaling, revisjon, kontorlokale og snøbrøyting.

Inntekter som er vanskeleg å budsjettere er festeintekter og provisjonsinntekter. Fleire inntektpotensiale har ikkje soknet.

Festeinntekter er usikre fordi ein på førehand ikkje kan vite kven som ønskjer å nytte seg av tilbodet om feste av grav.

Provisjonsinntekter

Inntekter for formidling av oppussing av gravminne og innhogging av nye namn, samt formidling av gravminnesal er òg usikre inntekter då vi på førehand ikkje kan vite kven som ønskjer å nytte seg av dette.

DRIFTSUTGIFTER

Sum driftsutgifter, inkludert utgifter under tenestene 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 2 736 644 Lønn og sosiale utgifter utgjer kr 1 228 904.

Pensjonsutgifter til KLP, kr 195 444. Kostnaden er litt vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste. Reguleringspremien betalar ein både for tilsette som er i arbeid og tidlegare tilsette som er slutta i arbeid.

Kjøp av varer og tenester kr 1 026 436. Refusjonar/overføringar kr 200 835. Tilskot og gåver kr 89 084

Kalkulatoriske utgifter og kalkulatoriske inntekter (går i null) er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet kr 191 386.

MVA-refusjon

Den samla mva-refusjonen i rekneskapen er kr 273 582. Av dette er kr 82 634 i investeringsrekneskapen.

Avskrivingar kr 129 319

Bruk av avsetningar og avsetningar er inkludert tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, der det, som tidlegare nemnt, er avsetning til og bruk av bundne fond.

Sum bruk av avsetningar kr 39 913. Sum avsetningar kr 100 874.

Meirforbruk / Mindreforbruk kr 0

Investeringsrekneskapen

Frå kommunen fekk soknet kr 150 000 til restaurering av vindauge og kr 300 000 til Øn kyrkje.

Investeringsrekneskapen har udisponert kr 181 464 som i samsvar med nye rekneskapsføreskrifter skal disponerast det året rekneskapen vert lagd fram.

Bø kyrkje sitt prosjekt var måling av tårnet.

Hyllestad kyrkje hadde følgjande prosjekt: Restaurering av vindauge og 2 nye varmpumper.

Øn kyrkje fekk utarbeidd tilstandsrapport.

Kjøp av aksjar, andelar er Eigenkapitaltilskot til KLP kr 5 666 som og skal førast her, med overføring frå driftsrekneskapen.

044 ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (TIDLEGARE SOKNERÅDSAKTIVITET)

Kyrkjelydsarbeid, oversikt over offer og gåver

Offer til eige arbeid kr 31 669

Offer som er overført organisasjonar har auka igjen etter koronaåra

- ✓ Anna arbeid/andre organisasjonar: overført kr 38 362.
- ✓ Misjonsprosjektet NMS kr 12 264
- ✓ Kirkens Nødhjelp kr 31 958 inkludert kr 20 054 ved Fasteaksjonen

Gåve generelt kr 3 770

Basar kr 78 563

Kyrkjebladet kr 28 800

§12 (4) I årsberetningen skal det gjøres rede for

- a. *den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestillingen, herunder kjønnsfordelingen i styrende organer,*
Hyllestad sokn har 5 fast tilsette, 3 menn og 2 kvinner. Soknepresten som har Bispedømmerådet som arbeidsgjevar, er mann.
Hyllestad sokneråd har 6 faste medlemmer, 5 kvinner og 1 mann. I tillegg møter soknepresten som er mann. Det er òg den kommunale representanten.
Rådet har 5 varamedlemmer, 4 menn og 1 kvinne. Personleg varamedlem til både soknepresten og den kommunale representanten, er menn.
- b. *eventuelle likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme likestilling uavhengig av kjønn,*
Ved soknerådssval blir det arbeidd for god kjønnsfordeling, men til siste val lukkast det ikkje.
- c. *eventuelle begrensninger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, styrende organer, verv eller stillinger som har sammenheng med ett eller flere diskrimineringsgrunnlag, og*
- d. *eventuelle segregerte aktiviteter eller tilbud.*
Ingen merknad under c og d.